

Bacheloroppgåve

Bygging av relasjonar i overgangen mellom heim og barnehage

Korleis arbeidar barnehagelæraren med å leggje til rette for å etablere relasjonar mellom barn og personale i overgangen mellom heim og barnehage?

Tanja Hauknes

Barnehagelærerutdanning, deltid

2024

Tal ord: 10 809



HØGSKULEN
I VOLDA

Samandrag

I denne oppgåva vert problemstillinga «Korleis arbeidar barnehagelæraren med å leggje til rette for å etablere relasjonar mellom barn og personale i overgangen mellom heim og barnehage?», sett i samanheng med relevant teori, forskning og empiri. Eg har gjennomført tre kvalitative forskingsintervju med barnehagelærarar.

Studien viser korleis barnehagelæraren jobbar for å leggje til rette for ein god overgang og etablering av relasjon mellom personale og barn i fasane før barn tek til i barnehage, når barnet byrjar i barnehagen og fyrste tida utan føresette.

Funna mine i denne studien er at når føresette er aktivt med i tilvenninga vil dette gi ein betre overgang mellom heim og barnehage. Når føresette bidreg aktivt i tilvenninga vil barna føle seg tryggare og lettare byggje ein god relasjon til personalet.

Forord

Denne bacheloroppgåva er skriva 4. året på barnehagelærerutdanninga deltid ved Høgskulen i Volda. Det har vore ein spanande, tidkrevjande og ein lærerik prosess.

Eg hadde eit ynskje om å lære meir om korleis barnehagelærarar arbeidar med å skape ein og relasjon til barn i overgangen mellom heim til barnehage. Det har vore lærerikt å høyre tankane og kunnskapen til informantane rundt dette temaet.

Kunnskapen eg har tileigna meg vil eg ta med meg ut i arbeidslivet som barnehagelærer. Tusen takk til mine informantar som stilte opp.

Ein stor takk til rettleiaren min, som har vore til stor hjelp og ei god støtte gjennom denne prosessen.

Eg vil og rette ein stor takk til familien min som har støtta meg gjennom skulegangen. Arbeidsgjevar og kollegaer som har lest korrektur og kome med gode innspel desse åra. Ein stor takk til studievenner som har vore der med gode ord, gode samtalar og mykje latter desse åra.

Ålesund, Mai 2024

Innhald

Samandrag	ii
Forord	iii
1.0 Innleiing	1
1.1 Formål og problemstilling.....	1
1.2 Avgrensing	2
1.3 Nøkkelomgrep	2
2.0 Kunnskapsgrunnlag	4
2.1 Sentrale politiske styringsdokument	4
2.2 Overgang.....	4
2.3 Relasjon.....	6
2.3.1 Tryggleikssirkelen	7
2.3.2 Personal-barn relasjon	8
2.4 Forsking.....	8
2.4.1 Barnet i sentrum.....	8
2.4.2 Liten og ny i barnehagen	10
3.0 Metode	13
3.1 Val av metode.....	13
3.2 Val av informantar.....	13
3.3 Førebuing og gjennomføring av intervju	14
3.4 Analysemåte	15
3.5 Relevans (validitet) og pålitelegheit (reliabilitet).....	15
3.6 Ethiske utfordringar.....	16
4.0 Presentasjon og drøfting av data	18
4.1 Presentasjon av informantar	18
4.2 Overgang mellom heim og barnehage	18

4.2.1 Drøfting av overgangen mellom heim og barnehage.....	19
4.3 Fasa før barnet byrjar i barnehagen	20
4.3.1 Drøfting av fasa før barnet byrjar i barnehagen.....	21
4.4 Fasa når barnet byrjar i barnehagen	22
4.4.1 Drøfting av fasa når barnet byrjar i barnehagen.....	23
4.5 Fyrste tida barnet er utan føresette.....	24
4.5.1 Drøfting av fyrste tida barnet er utan føresette	25
4.6 Foreldresamarbeidet si betydning for etablering av relasjonar gjennom dei ulike fasane	25
4.6.1 Drøfting av foreldresamarbeidet si betydning for etablering av relasjonar gjennom dei ulike fasane.....	26
4.7 Eventuelt.....	27
4.7.1 Drøfting av eventuelt	28
5.0 Avslutting	30
Referansar.....	32
Vedlegg	35

1.0 Innleiing

Eg arbeidar i ein barnehage der vi jobbar aktivt for å sikre at barn opplever minst mogleg stress i ulike overgangar. Gjennom eit utviklingsarbeid vart vi medvitne om kor viktig det er å redusere stress for barn ved å leggje til rette for ei trygg tilvenning og gode overgangar. Falck-Pedersen og Kongstein (2018, s. 8) påpeikar på at overgangen til barnehagen er stor for både barn og føresette. Ifølgje Statistisk sentralbyrå (2024) går 88.6 % av alle 1-2 åringar i barnehage. Når så mange av dei yngste møter barnehagen for fyrste gong, er det viktig at vi har tilstrekkeleg kunnskap for å gi dei ein best mogleg start på barnehagelivet. Rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33) framhevar at barnehagen skal samarbeide med føresette for å leggje til rette slik at barnet får ein god og trygg start i barnehagen. Dette inneber tilpassing av rutinar og organisering av tid og rom slik at barnet får tid til å verte kjend, etablere relasjonar med både personalet og andre barn. Eg ynskjer å undersøkje nærare korleis ein kan etablere gode relasjonar mellom personalet og barn. I denne samanhengen har eg vore nysgjerrig på kva erfaringar andre som arbeidar med dei yngste barna har når det gjeld overgangen mellom heim og barnehage. I denne bacheloroppgåva tek eg føre meg betydninga av å etablere gode relasjonar mellom barn og personale i samband med overgangen frå heim til barnehage.

1.1 Formål og problemstilling

Ut frå mine erfaringar i jobbsamheng, er det viktig at både eg og andre barnehagelærarar aukar vår kunnskap om overgangen mellom heim og barnehage. Dette for å sikre at dei yngste barna får ein god start i barnehage. Det er avgjerande at både den faglege kompetansen, og den tause kunnskapen vi opparbeida oss om overgangen mellom heim og barnehage, blir nytta til å leggje til rette for ei god tilvenning og gode relasjonar som barn kan byggje vidare på gjennom livet.

Problemstillinga mi er:

Korleis arbeidar barnehagelæraren med å leggje til rette for å etablere relasjonar mellom barn og personale i overgangen mellom heim og barnehage ?

1.2 Avgrensing

I denne bacheloroppgåva har eg valt å konsentrere meg om dei aller yngste barna som møter barnehagen for fyrste gong som eitt- eller toåringar. Sjølv om heile personalgruppa spelar ei viktig rolle når ein skal leggje til rette for ein trygg og god overgang, er det barnehagelæraren sin kunnskap eg har lagt vekt på i denne oppgåva. Eg har avgrensa bygginga av relasjonar til relasjonen mellom personalet og barnet.

Eg har forsøkt å få fram kva ulike barnehagelærarar tenkjer om overgangen mellom heim og barnehage, fasa før barnet byrjar i barnehagen, fasa når barnet byrjar i barnehagen, fyrste tida utan føresette og samarbeidet med føresette gjennom dei ulike fasane.

1.3 Nøkkelomgrep

Relasjon

Relasjon er det samspelet og interaksjonen som er mellom oss menneske, og handlar om korleis vi er knytt til kvarandre. Öhman (2020, s. 13) påpeikar at relasjonar er det faktiske samspelet mellom oss menneske. Dette samspelet består av to dimensjonar som påverkar kvarandre: den ytre og indre dimensjonen. Den ytre dimensjonen omfattar den observerbare delen av møtet mellom to menneske, medan den indre dimensjonen handlar om følelsane, forventningane og oppfatningane som oppstår under sjølve møte. Begge dimensjonane påverkar kvarandre gjensidig. Relasjonar er i konstant endring, grunna måten vi møter kvarandre på gjennom våre handlingsmønster, ved å gi rom, forståing og tilbakemelding i møtet mellom to menneske. Det å kunne tone seg inn på følelsane til kvarandre er ein viktig del av å etablere ein god relasjon (Drugli & Lekhal, 2018, s. 52).

Overgang

Overgang er når noko i livet forandrar seg. Når ein snakkar om overgangen mellom heim og barnehage, er det barnets skifte av miljø som ein omtalar. Drugli et. al.

(2020, s. 18-19) gjer merksam på at overgang er den perioda ein brukar på å finne seg til rette, verte kjend og oppleve tilhøyrse i det nye miljøet. Drugli (2023) fokusera på at dei ulike overgangane ein møtar på i livet inneheld tre fasar, desse fasane er før, under og etter. Glaser (2018, s. 42) viser til Kloep og Hendry som har delt inn overgangar i fire ulike former. Dei skil mellom modningsrelatert som er dei ulike biologiske overgangane, normative overgangar som utgjer dei ulike forandringane på grunn av lover; kvasinormativ overgang som ikkje er lovfesta, men ein forventar vil skje; og dei ikkje-normative overgangane som rammar eit fåtall, men ikkje alle. Å byrje i barnehagen er ein kvasinormativ overgang etter Kloep og Hendry si inndeling av ulike overgangar ein møter i livet. I ein overgang frå heim til barnehage, vil det bety at barnet beveger seg frå eit kjend miljø til å måtte finne seg til rette i eit nytt og ukjend miljø (Drugli et. al., 2020, s. 19).

2.0 Kunnskapsgrunnlag

I denne delen av oppgåva vil eg presentere politiske styringsdokument, relevant teori og forskning som er relevant for mi problemstilling. Eg vil fyrst presentera politiske styringsdokument, for deretter å presentere teoretiske perspektiv og forskning knytt til temaet.

2.1 Sentrale politiske styringsdokument

I rammeplanen for barnehagen er det eit eige avsnitt om oppstart i barnehagen, som understrekar at barnehagen skal samarbeide med føresette for å leggje til rette for ein trygg og god start for barnet. Barnehagen må tilpasse tid, rom og rutinar etter barnets behov, slik at barnet får all den tid det treng for å verte kjend, føle seg trygg, etablere relasjonar og knytte seg til personalet. Personalet skal gi tett oppfølging i den fyrste tida for å sikra at barnet føle seg trygg under leik, utforsking og læring (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33). I barnehagelova kapittel 1 står det at ein skal møte barna med anerkjenning, respekt og tillit i barnehagen. Barnehagen skal vere ein trygg stad der barna får utvikle venskap og føle tilhøyrslse til eit fellesskap. I dette fellesskapet skal barna få oppleve gløda gjennom leik, læring og trivsel (Barnehagelova, 2005, s. § 1). For å etablere gode relasjonar og trygg tilknytning til personale og andre barn, er det avgjerande at barnehagen og føresette samarbeida godt, slik at barna opplev trivsel, tilhøyrslse og anerkjenning (Meld. St. 6, 2019-2020, s. 18).

2.2 Overgang

Rammeplanen legg vekt på at når eit barn startar i barnehagen, har barnet rett på tett oppfølging den fyrste tida. Ved tett oppfølging vil barnet føle tryggleik til å leike, lære og utforske samt oppleve tilhøyrslse (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33). For å kunne ivareta at barn får ein så god overgang som mogleg er det viktig med eit godt samarbeid med føresette. Heimen og barnehagen er det som utgjer heilheita i livet til små barn (Glaser, 2023, s. 22). For at det fyrste møte med barnehagen ikkje skal

verte for krevjande, er gode rutiner samt god kommunikasjon med føresette sær viktig i overgangen mellom heim og barnehage (Glaser, 2023, s. 96).

Barnets beste er et felles mål for både føresette og personalet i barnehagen.

Prinsippet om barnets beste er nedfelt i FNs barnekonvensjon (1989) og inneber at når ein tek avgjerd som påverkar barn, skal avgjerdene bli teke med barnets beste som det primære omsyn. Dette inkluderer blant anna å vege ulike faktorar som barnets behov, ynskjer, rettar og interesser, samstundes som ein tek omsyn til deira alder, utviklingsnivå og kontekstuelle omstende. Avgjerdene skal rettast mot å sikre barnet si tryggleik, helse, utvikling og generelle trivsel. Rammeplanen legg vekt på at det er viktig å ha eit godt samarbeid for å ivareta barnet på best mogleg vis og ivareta behova for omsorg, leik og fremje danning og læring (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29). Drugli (2017, s. 101) påpeikar at når personale har ein open dialog med føresette om kva slags behov barnet har, er dette starten på eit godt samarbeid.

Personalet har ei viktig oppgåve med å få føresette til å føle seg velkommen i barnehagen og til å forstå at dei er ein viktig ressursperson for barnet. Dette er med på danne eit godt grunnlag for eit godt samarbeid med føresette (Glaser, 2023, s. 82). Dette trekkjer og Drugli (2017, s. 109) fram, og påpeikar at personalet har eit profesjonelt ansvar når det gjeld å invitere føresette til eit godt samarbeid. Når ein jobbar aktivt for å få ein god relasjon til føresette og ein open og god kommunikasjon, vert dette med på å slå positivt ut for barna. Til betre kommunikasjonen er mellom føresette og personale, vil ein sjå at barnet får eit betre samspel med både føresette og personale (Drugli et. al., 2020, s. 48).

I dagens samfunn er gruppa av føresette både samansett og mangfaldig. Som barnehagelærer er det viktig at ein har ei haldning som er inkluderande og ikkje-dømande, og møte dei ulike føresette med anerkjenning og openheit (Glaser, 2023, s. 82). Sand (2020, s. 130) peikar på at føresette med minoritetsbakgrunn kan vere usikre i møte med personale, på grunn av at samtalar og informasjon vert gjeven på norsk. I tillegg kan ein møte føresette som ikkje viser interesse av å ha eit samarbeid med barnehagen (Sand, 2020, s. 123). Sjølv om ein tek i bruk tolk, og oversett ulike dokument kan barnehagelærarar føle at dei ikkje alltid får til eit godt nok samarbeid med desse føresette. Enkelte gongar kan ein og oppleve at føresette ikkje viser

interesse for barnehagen. Ein kan og oppleve at samarbeidsrelasjonen mellom føresette og personalet vert dårleg om ein ikkje gjev føresette nok informasjon frå barnehagen (Drugli et al., 2020, s. 49). Når ein jobbar med å få til eit godt samarbeid med føresette og ei trygg tilknytning, kan ein oppnå gode relasjonar til barna, og på den måten gi dei gode moglegheiter for å meistre ulike utfordringar i kvardagen. Så lenge føresette opplev at dei har ein god dialog med personale, vil dette medføre at barnet får ein betre trivsel samtidig som utviklinga til barnet skytt fart (Glaser, 2023, s. 95-96).

2.3 Relasjon

Tilknytning er vår medfødde evne til å overleve; små barn klarer ikkje dette på eiga hand og må knytte band til dei som tek vare på det. Tryggleik oppstår som ein del av det å etablere relasjonar, sidan tilknytningsteorein omhandlar relasjonar. Barn knytt seg til personar som gjev dei emosjonell omsorg og som er fysisk til stades (Drugli, 2017, s. 43). Haugen (2015, s. 127) viser Bowlby og hans tilknytningsteori. Denne teorien gjeng ut på at tilknytning er medfødd, og at mennesket har eit behov for ein nær relasjon men den som gjev omsorg. Bowlby meinte at barnet er programmert slik at det utviklar ein kjenslemessig relasjon til omsorgsgivar. Dei fyrste åra med sosial utvikling til eit barn, kan delast inn i fire stadia etter Bowlby. Desse stadia er dei sosiale relasjonane som er uavhengig av person, sosiale relasjonar til visse personar, aktiv kontaktferd og målretta relasjonar. Erfaringar frå desse stadia vil påverke barnet sitt samspel og utgjer barnets indre arbeidsmodell (Glaser, 2018, s. 29-30). Bowlby valde å studere relasjonen mellom mor-barn når han forska på tilknytning. Han valde seg denne relasjonen for han meinte den var universal med tanke på ulike kulturar og i dyreverda. Bowlby bemerkte og at det ikkje var kun mor som var viktig for barnet, men at far og andre omsorgspersonar har ei viktig rolle som barnets primære relasjonar (Abrahamsen, 2015, s. 52). Barn treng nærleik og det å kunne føle seg trygge. Omsorgspersonen vert den trygge basen der barnet får trygghet, mat og omsorg (Vestvik, 2018, s. 8). Dei primære omsorgsgjeverane til barnet det fyrste leveåret er føresette og eventuelt besteforeldre. Føresette og besteforeldre er dei som utgjer barnets trygge base. Helle og Fløgstad (2019, s. 76) trekkjer fram at når eit barn har utvikla ei trygg tilknytning det fyrste leve året sitt, vil

barnet kunne oppleve at det er enklare knytte seg til andre omsorgspersonar. Brandtzæg et al. (2013, s. 21) påpeikar at når ein eittåring byrjar i barnehagen er barnet i ein sårbar posisjon angående tryggleik. Barnet må få tid til å knytte seg til minst ein i personalet, slik at barnet får føle seg trygg og kan utforske alt det nye. Tilknytningsterorien omfattar både emosjonelle, sosiale og kognitive prosessar. Desse prosessane kjennetegnast ved at miljøet og barnet påverkar kvarandre (Drugli, 2018, s. 49)

Daniel Stern er ein amerikansk psykiater som har prøvd å sjå samanhengen mellom den moderne utviklingspsykologien og den psykoanalytiske tenkinga. Stern sin modell understrekar tydinga av eit samspel mellom barnet og omsorgspersonen, der begge partar påverkar og regulerar kvarandres følelsesmessige tilstand og åtfærd gjennom gjensidig respons og samhandling (Glaser, 2018, s. 30). Stern påpeikar at barnet har ei formeining om seg sjølv gjennom korleis det opplev seg sjølv i det tidlege samspelet med omsorgspersonen og at dette starter allereie frå fødsel av (Haugen, 2015, s. 141). Sentrale konsept i Sterns tilknytningsmodell er agens, heilheit, affektivitet og kontinuitet. Agens referera til at barnet skil mellom eigne og andres handling. Heilheit står for opplevinga av den fysiske samanhengen, Affektivitet omfattar opplevinga av følelsar (Glaser, 2018, s. 30-31). Dag Øystein Nome (2018, s. 528) påpeikar at Stern viser til affektiv avstemming når ein omsorgsperson inviterer eit barn til å ta del i det mentale rommet der ein delar merksemd, følelsar og intensjonar. Affektiv avstemming får vi når omsorgspersonen tonar seg inn på barnets kjensler og på den måten delar sjølve kjensla. Stern si forskning tek utgangspunkt i morsrelasjonen og korleis vi veks, lærer og utvikla oss via relasjonar til andre nære personar. Noko av det mest nære eit menneskje kan oppleve er når nokon smyg seg tett inntil oss. Dette levandegjer ein kjensle av tilhøyrse og fellesskap (Hansen, 2019, s. 101).

2.3.1 Tryggleikssirkelen

For at føresette skulle få hjelp til å forbetre relasjonen sin med barnet og til å forstå tilknytningsterorien på ein enkel måte utarbeida psykologen eglen Cooper, Ken Hoffman, Bert Powell og Bob Marvin tryggleikssirkelen. Dette er og eit verktøy som vert nytta i barnehagen både for analyse og ei forståing av relasjonsbygging (Öhman M. , 2021, s. 175). Powel et al viser gjennom tryggleikssirkelen også kalla Cos at

barnet sin trygghet og læring skjer gjennom å ha ein omsorgsperson som gjev trøyst, oppmuntring og beskyttelse. Når dette er til stades får barnet trygghet til å utforske og ta til seg ny lærdom (Powell et al., 2015, s. 46)

2.3.2 Personal-barn relasjon

Dei fyrste to månadene er det viktig å skape trygghet for dei nye barna som har starta i barnehagen. Når ein skal byggje ein relasjon mellom personale og barn er samvær, tid og ro som er hovudfokuset. I denne prosessen er det barnet som er hovudaktøren og bestemmer premissane, barnet treng tid til på å bli kjend og det er naturleg med ulike reaksjonar i denne fasa. Då er det viktig at ein er der og gir barnet trygghet, og barnet vil då få ein følelse av å vere ivaretatt. Der er viktig at barnet forstår at primærkontakta ser barnet og detts følelsar, på den måten vil barnet utvikle nærheit og tryggleik til primærkontakta. Barn er ulike og reagerer ulikt når dei vert åtskilt frå føresette og ein må leggje til rette for alle typar reaksjonar (Drugli, 2017, s. 159). Å ha faste grupper under tilvenninga vil og føre til at dei alle minste barna vil oppleve trygghet og tilhøyrslø i barnehagen (Drugli et al., 2020, s. 98). Drugli (2023) dreg fram at det er lurt at små barn får gjere seg kjend i eit nytt miljø over tid. For å bygge ein god relasjon mellom barn og personale kan ein og nemne at leiken har ei stor betyding når barnet skal bli kjend med alt det nye. Leiken gir barna ulike erfaringar som er med på å utvikle ei forståing av verda rundt seg og det sosiale samspelet (Öhman M. , 2020, s. 114). Leiken er med på å skape noko felles mellom personalet og barnet.

2.4 Forsking

Til denne studien har eg gått gjennom ulik forskning om tilvenning. Eg har valt ut forskning som er med på å støtte opp under mi problemstilling, og det eg vil spørje informantane mine om.

2.4.1 Barnet i sentrum

I Danmark har dei hatt eit forskingsprosjekt som heiter «Barnet i sentrum», dette var eit toårig forskings og læringsprosjekt der ein såg på den pedagogiske praksisen og


utvikla ny teori rundt det å arbeide med dei minste i barnehagen. Stig Broström, Ole Henrik Hansen, Anders Skriver Jensen og Lone Svinth var med som bidragsytarar i prosjektet. Eit av desse prosjekta handla om overgangen mellom heim og barnehage, og er det eg har tatt utgangspunkt i.

Dette forskingsprosjektet gjekk ut på at føresette og barn kom på besøk kvar veke frå dei fekk tildelt plass. Det ein kunne konkludert med var at gjentatte besøk i barnehagen hadde ei stor betydning for korleis barnet bygde relasjonar til andre barn og personale. Ein såg og at føresette fekk eit betre innblikk i korleis barnehagen fungerte og vart tryggare på korleis barnet hadde det i barnehagen (Hansen, 2019, s. 126-127).

Det å kunne forstå og gi eit svar på kva den andre ynskjer er ein av eigenskapane våre som individ. På den måten kan vi gjere felles aktivitetar meningsfulle. Vi må kommunisere med kvarandre og prøve å forstå kva felles mål, hensikt og samtidig uttrykkje kva som må til for å nå målet. Evna vår til å dele tankar og forstå kvarandre er grunnleggjande for å uttrykkje og forstå meininga og intensjonen i eit felles språk. En viktig del av dette språket, spesielt når det gjelder kjensler, er korleis vi kommuniserer utan ord, dette er ei evne vi har med oss frå fødsel av (Hansen, 2019, s. 98-99). Når ein jobbar med barn er det viktig å vere bevisst på korleis det verbale og nonverbale språket vårt vert oppfatta av både føresette og barn. Personalet har ei viktig oppgåve med å skape et tilknytingsband til barnet under tilvenninga. Når ein har fått eit slikt band vil dette gjeve ein tryggleik og glede i relasjonen og på den måten skape ei felles merksemd bygd på nærheit og toleranse (Hansen, 2019, s. 99).

Under forskingsarbeidet «Barnet i Sentrum» utarbeida dei ein modell som dei kalla for barnets vindauge. Denne modellen går ut på at den av personale som tek i mot barnet om morgon når føresette kjem for å levere, har fullt fokus på barnet. Barnet vert møtt med nysgjerrigheit og at den som tek imot tonar seg inn på intensjonen som barnet har. Personalet er fullstendig til stades saman med barnet og er tilgjengeleg ovanfor barnet både mentalt og kroppsleg. På denne måten får ein fanga opp barnets hensikt i mottakingssituasjonen. Barnet vert møtt av ein kombinasjon av omsorg, empati, sosial læring, anerkjenning, kroppsleg kontakt, vennlegheit, glede og forståing, på den måten vil barnet føle seg sett og samstundes føle på ein samhøyrigheit og tryggleik. Det er den augneblinken barnet akseptera overgangen,

der barnet er klar for å gå frå føresette til personale. Forskarane såg og at føresette hadde desse vindauga då barnet vart levert. Dei små augneblinka der føresette var klare til å avlevere barnet. Ein fant ut at vindauge var sentralt for overgangen mellom heim og barnehage, gjekk personale glipp av vindauge og tok imot barnet for tidleg eller seint, kunne dette resultere i gråt frå barnet. Det ein såg var at når personale er merksam på barnets intensjon er det lettare å identifisere både barnets og føresette sitt vindauge. Både barnets og føresette sitt vindauge er gjensidig avhengig av kvarandre (Hansen, 2019, s. 99-101).



Henta frå (Hansen, 2019, s. 101). *Bilete viser barnets og føresett sitt vindauge for aksept. 1. er ved levering, personalet identifisera vindauge til både barn og føresette. 2. når personalet mottok barnet når vindauga er opne. 3. når personale identifisera avskjedsvindauge med både barn og føresette og tek avskjed når dette er opent.*

2.4.2 Liten og ny i barnehagen

Trondheim kommune har i eit samarbeid med RKBU Midt-Norge utvikla ein tilvenningsmodell som har fått namnet «Liten og ny i barnehagen». Dette er eit prosjekt som har vart frå 2018 til 2023. I «Liten og ny i barnehagen» har føresette og barn blitt invitert på fleire besøk i barnehagen før sjølve oppstarten. Det ein ønska med dette var at barn skulle får ein glidande overgang frå føresette til barnehagen. Når både barn og føresette får god tid til å bli kjend med barnehagen, vil det kunne bli enklare for barnet når tilvenninga er over. Hovudformålet med prosjektet var at barn og føresette skulle få positive erfaringar med barnehagen, og at barnehagen er ein trygg plass å vere. Føresette er aktivt med i tilvenning slik at barnet får ein mjuk overgang frå at føresette tek hånd om barnet sitt til at det vert naturleg og trygt at

kontaktpersonen tek over oppgåvene til føresette i dei daglegdagse rutinane i barnehagen (Drugli et al., 2023, s. 2).

Ein ettåring er så liten at ein ikkje kan foreberede hen på at no skal ein starte i barnehagen. Når eit barn er så lite må det få erfare over tid at det er bra å vere i barnehagen, personale må rekke å bli kjend med barnet medan føresette er til stades. Etter at barn og personale har blitt kjend og barnet har godtatt den nye omsorgspersonen, vil personalet vere i stand til å hjelpe og støtte barnet i å regulere dei ulike følelsane som dukker opp. Har ein ikkje bygd ein relasjon til barnet vil barnet oppleve det som krevjande, eit lite barn lar seg som regel ikkje trøste av nokon det ikkje kjenner (Drugli, 2017, s. 127). Drugli (2017, s. 130) påpeikar at ein ikkje kan overlata småbarn til personar dei ikkje kjenner, dette vil kunne medføre vanskar i tilvenninga og barna vert utrygg. Dette kan gjere at overgangen mellom heim og barnehage vert vanskeleg.

Den fyrste tida ved oppstart i barnehagen vert nytta til å bli kjend. At avdelinga legg til rette for at barna får god tid til å bli kjend med dei nye omgjevnadane den fyrste tida samstundes som dei vert kjend med personalet er avgjerande for barnets trivsel. Det ein såg i barnehagane under prosjektet «Liten og ny i barnehagen» var at når ein la vekk alle planar dei fyrste to månadane fekk dei fokusert på barnet og det å bli kjend. Barnet fekk ro og dei ulike kjenslene som barnet kjende på vart anerkjend av personalet. Når barnet vart møtt med forståing for alle dei ulike kjenslene som oppstår i løpet av ein dag, var dette med på å skape både nærleik og tryggleik til omsorgspersonen i barnehagen (Drugli, 2017, s. 159).

Drugli (2023) gjer merksam på at ulike overgangar ein møter på i livet består av tre fasar, desse fasane er før, under og etter. I prosjektet «Liten og ny i barnehagen» fekk ein etter kvart ei god oversikt over korleis personale og føresette samarbeida under dei ulike fasane. Samarbeidet var meint for at dei aller minste skulle få ein så god start i barnehagen som mogleg.

I fasa før barnet startar i barnehagen inviterte barnehagane føresette og barn på besøk 4-8 gongar i ein time på våren. Under besøka fekk dei verte kjend med avdelinga dei skulle byrje på til hausten. Personalet som var til stades på desse besøka ville barna og føresette og møte igjen når barnet starta til hausten.

I fasa under barnehageoppstart var føresette i barnehagen i fem dagar. Desse dagane la ein opp til at føresette hadde ansvaret medan primærkontakta var i nærheita og observerte barnet, for å ta over ansvaret for barnet etter kvart som barnet vart trygg.

I fasa etter oppstart når barnet var på eiga hand, fant ein ut at dette var tøffare for barnet enn ein trudde. Under prosjektet forska dei blant anna på stressnivået til barna. Der viste det seg at den tredje uka i barnehagen er meir krevjande for barna enn ein hadde trudd. Dette vart bekrefta av målingane av kortisol hos barna. Det som og var interessant var at personalet ikkje oppfatta dette stresset hos barna, men dei såg at trivselen til barnet auka og at relasjonen til barnet vart betre (Drugli et al., 2023). I bringesituasjonane såg ein at barn er sensitive ovanfor føresette sine emosjonelle signal, og vert påverka om føresette vise utryggheit eller er engsteleg i bringesituasjonen. Når føresette skunda seg for å gå når barnet er i leik, kan dette medføre at barnet reagera negativt når det vert åtskilt frå føresette (Drugli, 2017, s. 115). Føresette treng då rettleiing på korleis dei på best mogleg vis kan lage gode rutinar for korleis avskjeden kan vere, og til det beste for barnet (Drugli, 2017, s. 116).

Under prosjektet vart ein meir bevisst kva som fungerte i dei ulike fasane, og at for barnets del bør tilvenninga starte før barnet skal starte i barnehagen. Ein såg at det var positivt når føresette fekk ei sentral rolle som brobygger mellom heim og barnehage, tilvenninga var ikkje over før ein såg at barnet hadde funne seg godt til rette (Drugli, 2023).

3.0 Metode

Metode er eit reiskap som vert nytta når ein ynskjer å undersøkje noko. Dette er ein måte som hjelp oss i å samle inn informasjon frå data vi har samla inn (Dalland, 2020, s. 54). I dette kapitlet ynskjer eg å gjere greie for, forklare og grunngje vala eg har tatt i denne undersøkinga.

3.1 Val av metode

Til denne oppgåva valte eg å bruke kvalitativt intervju. Eit kvalitativt intervju vil seie at ein ynskjer å få fram gode og detaljerte opplevingar og beskrivingar av emnet ein skal ha intervju om (Dalland, 2020, s. 71). Ved å ta i bruk kvalitativ orientert metode ynskte eg å gå i djupna for å få nærheit til dei som vart intervjuet, for eg ville få fram heilheitene og samanhengen i intervjuet (Dalland, 2020, s. 55). Eg har valt å la dei ulike barnehagelærarane beskrive sine erfaringar om tilvenning og relasjonar, ynskje var at deira eigne erfaringar skulle kome fram. Føremålet mitt med intervjuet var å få ei forståing av meningar og synspunkt til barnehagelærarar som kunne gi meg ei auka forståing om emne (Dalland, 2020, s. 68). Dalland viser til Kvale og Brinkmann (2020, s. 68) når ein skal tolke ut i frå informantens eige perspektiv med vekt på tolking og meningar, dei kallar dette for eit semistrukturert livsverdenintervju. At eit intervju er semistrukturert tyder i denne samanhengen at ein følgjer ein intervjuguide med ulike tema som spørsmål. Val av kvalitativ metode grunna ut i eit ynskje om å kome tett på arbeidsmetodar, tema og erfaringar til dei ulike informantane mine. På den måten ville eg å få ei breiare innsikt i kva informantane tenkjer om relasjonar i overgangen mellom heim og barnehage.

3.2 Val av informantar

Når eg skulle velje ut informantar, kunne eg ha valt ut tilfeldige informantar, eller eg kunne ta eit strategisk val av informantar. Eg valte å ta eit strategisk val, Dalland (2020, s. 79) beskriv eit strategisk val ved at ein då veljar informantar som har kunnskap og erfaringar om temaet ein skriv om. Mine informantar er barnehagelærarar som arbeider med dei yngste barna i barnehagen.

For å finne informantar sendte eg ut e-post til styrarar i ulike barnehagar. I e-posten presenterte eg prosjektet mitt og om det var nokon som kunne tenkje seg å stille som informant. Styrarane sende min førespurnad vidare til aktuelle pedagogar som tok kontakt med meg. Eg fekk positive svar frå fire stykk, men ein informant trakk seg. For å bevare anonymiteten til informantane, vil dei verte nemnt som informant 1, 2 og 3.

3.3 Førebuing og gjennomføring av intervju

I forkant av intervjuet utarbeida eg ein intervjuguide (vedlegg 2). For å utarbeide ein best mogleg intervjuguide som gav svar på problemstillinga mi, måtte eg fyrst sette meg inn i relevant forskning og teori. Det var viktig for meg å få fram informantane sine erfaringar og kunnskap for å få fram gode svar. Intervjuguiden vart delt inn i ulike kategoriar for å skilje dei ulike fasane i det fyrste møte med barnehagen. For å kvalitetssikre intervjuguiden, gjennomførte eg eit testintervju av ein kollega. Dette for å teste ut at lydopptaket fungerte og for å trene meg i ein intervjusituasjon. Når ein testar ut spørsmåla i eit testintervju vert dette kalla ei pilotundersøking.

Pilotundersøking er ein liten generalprøve for finne ut om spørsmåla held mål (Dalland, 2017, s. 128). Dalland (2020, s. 93) påpeikar og at det er viktig at ein har testa utstyret ein skal bruke under eit intervju før sjølve intervjuet. Det kan vere lurt å sjekka ut kor mikrofonen fangar opp lyden best utifrå plasseringa av deltakarane.

For å avtale intervjuet tok eg kontakt med styrar via mail, fleire av styrarane var positiv og vidaresende mailen min til aktuelle informantar som tok kontakt med meg. Eg fekk avtalt 4 intervju i fire forskjellige barnehagar. Etter at intervjuet var avtalt, sende eg ut informasjons- og samtykkeskjema (vedlegg 1) samt intervjuguiden til informantane. Tre av intervjuet vart gjennomført på arbeidsplassane til informantane mine. Siste informant trakk seg rett før intervjuet som skulle vere etter påske, men ettersom eg allereie hadde tre informantar gjekk dette fint. Intervjuguiden startar med litt generell informasjon for å få informantane til å slappe av. Det er viktig at informantane føle seg ivaretatt og trygg i settinga til eit intervju. Dalland (2020, s. 88) trekkjer fram at starten av eit intervju bør vere nøytral, og at ein må ta seg til å trygge informanten. Intervjuet gjekk bra, og avslutningsvis spurte eg alle informantane om

dei hadde noko å tilføre. På den måten fekk eg sikra meg at alle fekk kome med all informasjon dei tenkte var viktig.

3.4 Analysemåte

Etter at intervjuet var gjennomført, starta jobben med å tilarbeida det eg hadde samla inn, for så å ta til med prosessen for å analysere datamaterialet. Å analysere materialet ville hjelpe med å finne ut av kva intervjuet hadde å fortelje (Dalland, 2020, s. 94). Når eg arbeida med å få ei oversikt over innhaldet i datamaterialet innebar det og at eg måtte tenkje over kva det eg hadde samla inne tydde, og utifrå kva slags perspektiv det kan forståast ifrå. Om ei analyse er god, opnar den opp for ulike fortolkingar. Det å veksle mellom analyse og tolking, er ein del av kvalitetskontrollen (Dalland, 2020, s. 94).

Før eg starta med analysedelen gjekk eg gjennom problemstillinga mi. Eg brukte god tid når eg skulle transkribere intervjuet for å få med alt som var sagt og formidla til meg. Etter at transkriberinga var ferdig, starta jobben med å forstå kva informantane hadde meint på dei ulike svara. Analyseprosessen starta allereie under transkriberinga, eg såg allereie her kva som var likt og ulikt.

Deretter laga eg eit analyseskjema (vedlegg 3) med dei ulike kategoriane eg tok opp under intervjuet. Svara til kvar enkelt informant vart skreive inn. På den måten kunne eg markere det som var likt og ulikt i svara. Når den jobben var ferdig, byrja eg å sette litteraturen og tidlegare forskning saman med mine funn. Etersom ein støttar egne funn med tidlegare forskning og litteratur vert dette med på å styrke og gi tillit til egne forklaringar i oppgåva (Dalland, 2020, s. 94).

3.5 Relevans (validitet) og pålitelegheit (reliabilitet)

Dalland viser til Wallén (2020, s. 43) som seier at validitet står for gyldigheit og relevans. Med det meinast at det som skal målast, må ha ein relevans og vere aktuelt for problemstillinga som skal undersøkast. Medan reliabilitet handlar om pålitelegheit, og at ein må utføra målingane korrekt, samstundes som ein angir eventuelle feilmargar.

For at datagrunnlaget eg har samla inn skal vere relevant for mi problemstilling, viser Dalland (2020, s. 63) til at eg må passe på at litteratur og svara frå informantane samsvarar med kvarandre. Han peikar og på kor viktig det er at spørsmåla må sjåast i samanheng med problemstillinga. Eg nemnde tidlegare at eg las meg opp på forskning og teori før arbeidet med intervjuguiden tok til. Dette var for at eg skulle få god kjennskap til temaet og utarbeide gode spørsmål under intervjuet. Å utarbeide gode spørsmål var viktig for relevansen i svara. Mi forståing av spørsmåla og informanten si forståing kunne vere ulik, så det var viktig at spørsmåla var formulert slik at informanten forstod kva eg ville ha fram. Eit anna kriterium for å få relevante svar, var at informantane hadde jobba med dei yngste barna. Dette hadde eg forsikra meg om i forkant av intervjuet og eg spurte og om kor lenge dei hadde jobba på ei småbarnsavdeling. Dette vart spurt om for at eg skulle få eit overblikk over erfaringane på temaet.

Under gjennomføringa av eit intervju er det ulike faktorar som kan påverke om informasjonen vert påliteleg. Pålitelegheit handlar om at den informasjonen ein presentera i oppgåva er til å stole på (Dalland, 2020, s. 58). Når ein intervjuet ein informant kan ein risikera at spørsmåla vert misforstått eller ein kan feiltolke svara ein får. Lyddopptaka kan og vere dårlege og ein kan gjere feil under arbeidet med transkriberinga, på den måten kan ein få redusert pålitelegheit (Dalland, 2020, s. 63). For å unngå dette, er det viktig å tenke gjennom at dette kan oppstå, og jobbe bevisst for å unngå at det skjer. Av den grunn har eg vore ekstra nøye med formidlinga av spørsmåla, gjort meg flid ved å notere svara eg fekk for å unngå at innhaldet ikkje vart endra under reinskiving.

3.6 Ethiske utfordringar

Når ein arbeidar med ei bacheloroppgåve, vil ulike etiske utfordringar dukke opp. Etikk omhandlar normene for rett og god livsførsel, og gjev oss rettleiing og grunnlag for vurderingar før vi handlar (Dalland, 2020, s. 168). Forskingsetikk er eit av områda under etikken, der forskning vurderast opp mot normene og verdiane til samfunnet. Desse vurderingane belyser alle dei ulike sidene ved forskinga, med alt frå planlegginga, val av problemstilling til kva slags metode som skal nyttast og korleis resultatet kan tenkast å bli brukt og rapportert på (Dalland, 2020, s. 168).

Eg har vore gjennom fleire ulike etiske vurderingar sidan det er retningslinjer for kva eg som student må følge når eg skriv ein bachelor. Eg starta med å lage ei forskingsskisse, i den skreiv eg ein introduksjon om temaet eg hadde valt. Neste skritt var å levere ein forskingsplan, her presenterte eg problemstilling, metode, forskning og litteratur. Ettersom eg valte å bruke kvalitativ metode med semistrukturert intervju med lydopptak som hjelpemetode, utløyste dette meldeplikt til NSD. NSD bidreg med råd og rettleiing for studentar og forskarar når det gjeld å handtere personvern til informantar (Dalland, 2020, s. 169). Skulen sendte inne ein felles søknad på vegne av oss studentar til NSD når det vart klart for kva metode kvar og ein av oss skulle bruke. Som nemnt tidlegare vert informantane omtalt som 1, 2, og på grunn av personvern. På den måte sikra eg at det som er vist til i oppgåva ikkje er knytt opp til den informasjonen dei delte.

I forkant av intervjuet sendte eg ut eit samtykkeskjema, dette inneheldt informasjon om kva eg ynskte med intervjuet, kva dei kunne forvente av meg, korleis svara vart oppbevart og at informasjonen vert sletta etter innlevering. I skjemaet vart informantane og gjort merksam på at dei kunne trekkje seg, og at all data frå dei då vert sletta. Dalland (2020, s. 173) beskriv frivillig samtykke med at informanten då har forstått kva det vil seie at hen deltek i prosjektet frivillig, og kva innhald denne informasjonen har.

4.0 Presentasjon og drøfting av data

I denne delen av oppgåva vil eg fyrst presentere funn frå analyseprosessen som kan vere relevant for å belyse problemstillinga mi. Deretter vil eg drøfte funna opp mot relevant teori og forskning. Eg vil forsøke å svare på problemstillinga mi «Korleis arbeidar barnehagelæraren med å leggje til rette for å etablere relasjonar mellom barn og personale i overgangen mellom heim og barnehage?».

4.1 Presentasjon av informantar

Informant nr 1 er utdanna førskulelærer, og har jobba i barnehage i 14 år. Hen har berre jobba på ei småbarnsavdeling.

Informant nr 2 er utdanna førskulelærer og har jobba i barnehage i 20 år. Hen har fire års erfaring frå småbarnsavdeling.

Informant nr 3 er utdanna førskulelærer og har jobba i barnehage i 23 år. Hen har ca. tolv års erfaring frå småbarnsavdeling.

Hovudfunna frå informantane er at tidsaspektet i overgangen mellom heim og barnehage er vesentleg, med tanke på at barna er ulike og har ulike behov, samstundes må ein vektlegge barnets beste og jobbe for eit godt samarbeid med føresette.

4.2 Overgang mellom heim og barnehage

I samband med planar for overgangen finn ein at alle sender ut eit tilvenningsbrev og inviterer til besøksdagar etter at barnehageopptaket er gjennomført. Informant 1 kan og fortelje at dei gjennom åra har utarbeida ei rutine med å ringe føresette for å presentere seg og informera om kva avdeling barnet skal gå på til hausten. Dette er noko føresette har gitt gode tilbakemeldingar på, og som no har blitt ein standard prosedyre i denne barnehagen. Informant 2 informera om at dei tilbyr ulike datoar for besøksdagane, slik at føresette kan velje den datoen som passar best. Hen fortel og at barnehagen tilbyr besøk til potensielle søkjarar før barnehageopptaket, slik at dei kan bli kjend med barnehagen og deira verdiar. Informant 3 fortel at dei for fyrste

gong har tilbydd barselestreff i barnehagen før barnehageopptaket. Dette er noko dei har fått positive tilbakemeldingar på frå føresette som har delteke med barna sine.

Når ein spør informantane om kva erfaring dei har, og korleis dei på best mogleg sikrar ein god overgang for barnet er svaret: Dei har gode erfaringar, så lenge alle tek omsyn til barnets beste og tek det i barnets tempo. Ved å setje av tid til besøksdagar og ei gradvis tilvenning med korte dagar, samt ei individuell tilpassing i barnets tempo, fortel informant 1 at ein oppnår ein god start. Hen legg og vekt på rolege dagar og god dialog med føresette under tilvenninga. Informant 2 sine erfaringar er at til fleire gongar barnet har vore innom barnehagen, desto lettare vert det for barnet under tilvenninga. Hen ser og at om barnet har eldre sysken i barnehagen, går overgangen mellom heim og barnehage lettare sidan ein oftare har møtt barnet i hente- og bingesituasjonar. Informant 3 understrekar og viktigheita av å få føresette til å forstå at tid er ein sentral faktor i overgangsprosessen. Barnet må få styre tempoet i den grad det er mogleg, og ha korte dagar i ei periode. Dette er noko som kan vere svært individuelt for kvart barn.

4.2.1 Drøfting av overgangen mellom heim og barnehage

Når barnet skal starte i barnehagen, er dette den fyrste overgangen barnet vil møte av ei lang rekkje overgangar i livet. For å leggje til rette for gode relasjonar mellom barn og personale, startar dette allereie før barnet byrjar i barnehagen. I følgje rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33) har barn rett på ei tett oppfølging ved oppstart. Ved ei tett oppfølging vil barnet kunne føle på tryggleik slik dei får utforske, leike og oppleve tilhørslse. Eg vil no drøfte funna om kva slags planar barnehagane har for overgangsprosessen når barnet skal byrje i barnehagen, deretter kva slags erfaringar dei har.

Drugli (2017, s. 127) gjer merksam på at ein ikkje kan forberede småbarn på ein barnehagestart, men at dei må få erfare over tid at barnehagen er ein god plass å vere. I praksis er alt personale i barnehagen ukjend for barnet, derfor er det viktig at føresette er til stades den fyrste tida i barnehagen. Drugli (2017, s. 130) påpeikar og at ein ikkje skal overlata småbarn til personar dei ikkje kjenner, da dette vil føre til utrygge barn og gjere overgangen mellom heim og barnehage vanskeleg.

For at overgangen mellom heim og barnehage skal gå føre seg på best mogleg måte for barna, fortel informantane mine at dei sender ut eit informasjonsbrev om besøksdagar på vårparten. Informant 1 kan og fortelje at dei ringer til føresette etter barnehageopptaket og ynskjer dei velkomen på den måten, i tillegg til informasjonsbrevet. I informasjonsbrevet vert det opplyst om korleis dagane den fyrste tida er lagt opp. Informant 2 kan fortelje at dei tilbyr fleire datoar for besøksdagane, slik at føresette kan velje kva dato som passar best. I barnehagen til informant 3 har dei i år gjennomført barselstreff før opptaket og på den måten blitt kjend med barn og føresette. Etter opptaket vert dei invitert til besøksdagar der dei får vite kven primærkontakta til hausten blir. Glaser (2023, s. 95-96) trekkjer fram at når føresette opplever at det er god kommunikasjon med barnehagen, vil dette vere med på å auke barnets trivsel og utvikling. På den andre sida påpeikar Drugli et al. (2020, s. 49) at når føresette ikkje får god nok informasjon frå barnehagen vil det kunne føre til ein dårleg samarbeidsrelasjon.

Alle informantar har gode erfaringar med overgangen mellom heim og barnehage, så lenge ein tek omsyn til barnets beste og tek det i barnets tempo. Informant 3 påpeikar at føresette og må forstå at tid er ein viktig faktor i overgangen. Til betre kommunikasjonen er mellom personale og føresette, dess betre vil barnet få ei positiv utvikling av samspelet med både føresette og personale (Drugli et al., 2020, s. 48). Dessutan viser Furnes (2018, s. 440) til at ein som barnehagelærer må vere klar over at verdigrunnlaget og erfaringane til personale og føresette ikkje alltid samsvarar om kva som er til det beste for barnet. I slike situasjonar er det særskilt viktig å kunne lytte, vise gjensidig respekt, og ha ein god dialog. Informant 1 viste til ein må ha ein god dialog med føresette, leggje opp til rolege dagar, og sette av tid for å gi barnet ein god overgang mellom heim og barnehage.

4.3 Fasa før barnet byrjar i barnehagen

Informantane peikar på betydninga av fasa før barnet byrjar i barnehagen for etablering av gode relasjonar. Den fyrste informasjonsutvekslinga med heimen til barnet er at dei send ut eit informasjonsbrev som inneheld ulik informasjon om oppstarten til barnet. I dette brevet vert det og opplyst om besøksdagar som alle barnehagane tilbyr på våren.

Når informant 1 skal sende ut dette brevet, passer hen på at det inneholdt bilde av personale som skal være på avdelinga til hausten. Hen fortel at eit viktig møtepunkt mellom barn, føresette og personalet er besøksdagane. Her får føresette og personalet møtast i ein uformell setting der personalet får vite litt om barnet og føresette får informasjon om kva som trengs av for eksempel klede, nødvendig utstyr og ulike rutinar på avdelinga. Informant 3 kan fortelje at dei legg ved informasjon om Cos, og at føresette er dei viktigaste i barnets liv, men at føresette etter kvart må gi rom til personalet. Hen oppfordra føresette til å ta kontakt slik at dei og barna kan komme innom i når avdelinga er ute, på den måten kan barnet verte kjende med omgjevnadane. Om føresette har behov for å kome på besøk utanom besøksdagane vert det lagt til rette for dette. Informant 2 kan og fortelje at føresette får tilgang til ei lukka Facebook-side etter at dei har takka ja til plassen. På denne sida kan føresette finne ulik informasjon om barnehagen. Hen oppfordra og føresette til å bruke uteområdet på barnehagen i fritida.

4.3.1 Drøfting av fasa før barnet byrjar i barnehagen

Alle informantane kan fortelje at etter barnehageopptaket vert det sendt ut eit informasjonsbrev, der dei informerer om besøksdagar, og med eit forslag for tilvenninga til hausten. Ein del av tilvenninga er besøksdagane barnehagane tilbyr til nye føresette og barn. Eg vi no drøfte funna om kva betydning desse besøksdagane har å seie for barna.

Under besøksdagen i barnehagen får barn og føresette møte personale som skal vere på avdelinga til hausten. Informant 1 fortel at besøksdagen er viktig for alle parter. Barnet får møte primærkontakta si, og føresette får snakke med personale om ting dei lure på i forhold til barnehagen. Dette samsvara med Drugli (2023) som dreg fram at både barn, føresette og personale nytte godt av besøksdagar. Barnet får bli kjend med det nye miljøet, over ei periode før start, og spesielt føresette som ikkje har erfaring frå barnehagen tidlegare får eit innblikk på kva ein barnehage er for noko. Hen dreg og fram at når personalet får møte barn og føresette gjennom besøksdagar, vil dei lettare leggje til rette for ei god tilvenning. Personalet vil etter desse dagane sitte igjen med kunnskap om både barn og føresette, som dei dreg med seg vidare for å leggje til rette for ei best mogleg tilvenning. Det kan vere at enkelte føresette ikkje får med seg desse besøksdagane, på grunn av flytting eller

liknande. Då kan det verte litt vanskelegare å leggje til rette for ei god tilvenning. Dette kan vere med på at overgangen mellom heim og barnehage vert vanskelegare (Drugli, 2017, s. 130).

Informantane fortel at besøksdagen er eit uformelt møte der føresette kan spørje om det dei måtte lure på i forhold til barnehagen. Føresette får gjerne vite litt om klede, utstyr, mat og søvn. Når eit lite barn byrjar i barnehagen er det i ein sårbar posisjon når det gjeld tryggleik. Barnet må få tid til å knytte seg til minst ein i personale. På den måten vil det føle seg trygg og klar til å utforske alt det nye ved å byrje i barnehagen (Brandtzæg et al., 2013, s. 21). I den samanhengen fortel informant 3 at dei informera om tryggleikssirkelen, det at barnet får ein primær omsorgsperson som er der for både trøyst, oppmuntring og beskyttelse når barnet skal utforske og lære noko nytt (Powell et al., 2015, s. 47). Utanom besøksdagen oppfordra informantane at føresette brukar uteområdet i fritida og at dei er open for fleire besøk om føresette har behov for dette.

4.4 Fasa når barnet byrjar i barnehagen

Når barnet tek til i barnehagen løftar alle informantane fram betydninga av små grupper, fast personale, rolege dagar og tryggleik. Dei påpeikar og viktigheita med at føresette er til stades og barnet er ivaretatt og føle seg trygg. Gruppedeling er og noko dei kjem inn på, at dette er med på å gi rolege dagar, og kjennast meir trygt ut for barna. Det viktigaste er at personale byggjer ein trygg og god relasjon til barnet, med føresette til stades, og at barnets behov er ivaretatt. Informant 2 påpeikar og at barnehageåret startar 1. august medan fleire i personalet fortsett har ferie, då er det viktig at føresette og barn møter faste vikarar som er på avdelinga utover hausten.

Når ein spør om korleis dei arbeidar med å etablere og byggje ein god relasjon til barnet når føresette er til stades, og kva rolle føresette har i ulike rutinesituasjonar, er svaret likt frå alle informantane. Alle vektlegg leik og det å vere saman på golvet, med både barn og føresette. Informant understrekar at føresette representera tryggleiken til barnet, og at ein må respektere barnets tempo og ikkje presse grenser. Informant 2 understrekar at tryggleikssirkelen er noko dei jobbar aktivt med. Barnet får kome når det føler seg trygg, og at dei er tilgjengeleg for barnet. Informant 3 legg

vekt på at det aller viktigaste er barnets beste, og at føresette er barnets viktigaste person. Primærkontakta er til stades når barnet er klart for det.

I samband med kva aktivitetar som vert nytta for å etablere og byggje gode relasjonar mellom barn og personale, er svara noko ulike. Informant 1 og 2 legg vekt på å bruke leiker som er spanande og lagar lyd, og som gjerne inkluderer omsorgspersonen. Informant 2 nyttar i tillegg mykje musikk, song, humor, tull og tøys for å nærme seg barnet.

4.4.1 Drøfting av fasa når barnet byrjar i barnehagen

Når eit nytt barn byrjar i barnehagen svarar alle informantane at hovudfokuset er tryggleik, rolege dagar, at fast personale er til stades og at ein deler barnegruppa i mindre grupper. Eg vil no drøfte funna frå fasa når barnet byrjar i barnehagen.

Små barn som startar i barnehagen treng mykje nærheit og føle seg trygge. I det fyrste året til eit barn er det føresette og eventuelt besteforeldre som er dei primære omsorgsgjeverane. Brandtzæg et al. (2013, s. 21) legg vekt på at eit lite barn som byrjar i barnehagen er i ein sårbar posisjon angående tryggleik. Informantane påpeika kor viktig det er at føresette er til stades, og at tryggleiken til barnet er ivaretatt. Når føresette er til stades kan personale starte å byggje ein god relasjon til barnet. Helle og Fløgstad (2019, s. 76) gjer merksam på at når eit lite barn byrjar i barnehagen og har utvikla ei trygg tilknytning det fyrste leveåret sitt, vil barnet kunne oppleve at det er enklare å knytte seg til ein ny omsorgsperson som for eksempel i barnehagen. Informantane fortel og at dei legg opp til små grupper slik at barna får ein mjuk start. Drugli et al. (2020, s. 98) framhevar at når det er ei fast gruppe som er ilag ved tilvenninga, vert det enklare for barn å føle tilhøyrse, og utvikle tryggleik i barnehagen.

For å byggje ein god relasjon til barnet, medan føresette er til stades, forklarar alle informantane at dei tyr til leik og er på golvet ilag med barn og føresette. I denne tida er det barnet som er hovudaktøren og sett premissane. Informant 2 seier at i denne tida tenkjer personalet på tryggleikssirkelen. Føresette er barnas trygge hamn medan barnet utforskar barnehagen og vert kjend med personale. Gjennom leik vert merksemda til både personale og barn retta mot same aktivitet, og dette bidreg til å skape eit tilknytingsband som igjen skapar glede og tryggleik i den relasjonen dei

bygg (Hansen, 2019, s. 99). Leiken gir barna ulike erfaringar som er med på å utvikle ei forståing av verda rundt seg og det sosiale samspelet (Öhman M. , 2020, s. 114). Det er gjennom leiken at barn utforskar verda rundt seg, og dette er noko informantane tek med seg når dei skal byggje nye relasjonar med nye barn. Informant 1 fortel at når nye barn kjem på avdelinga leitar dei fram ulike småbarnsleiker med lyd, dyr, ballar og kjøkkenleik. Her si erfaring er at når leikene har lyd aukar det barnets interesse og fokuset på far eller mor vert mindre. Informant 2 kan fortelje at dei har mykje fokus på song, musikk og humor for å trekkje til seg merksemda til barnet. Det informant 3 kan fortelje er at leiken må vere spanande, og inkluderer den omsorgspersonen som er til stades. Ved å vektleggje leik som ein sentral del av denne prosessen, understrekar informantane viktigheita av å leggje til rette for aktivitetar som styrkjer tilknytninga og etablere ein relasjon dei kan byggje vidare på.

4.5 Fyrste tida barnet er utan føresette

I samband med korleis informantane arbeidar for å fremje gode relasjonar mellom personale og barn, finn ein at alle legg vekt på det å vere tilgjengeleg for barnet. Alle informantane påpeikar viktigheita med å vere tett på barnet. Informant 1 kan fortelje at personalet har fullt fokus på tilvenninga i denne tida. Her viser og til at primærkontakta ikkje skal ha ansvaret for mange andre barn. Dette er og ei tid det er viktig med eit godt og tett samarbeid med føresette, fortel her. Informant 2 og 3 påpeikar at man må bruke mykje tid ilag med barnet på golvet og ha eit fang ved behov, det viktigaste er å vere til stades med barnet.

Om ein møter utfordringar under etableringa av relasjonar, peikar informantane på at barn er ulike. Informant 1 brukar mykje tid på å rettleie personalet i at alle barn er ulike og har ulike behov. Informant 2 og 3 trekkjer fram at ein kan oppleve at barnet får ein betre relasjon med nokon andre i personalet enn primærkontakta. I slike tilfelle bytter ein om på primærkontakta til barnet. Begge leggje vekt på at barnet skal føle seg trygg. Informant 2 føyer og til at ved eit slikt bytte, kan det vere at barnet sett pris på nokre eigenskapar til den andre vaksne, som minner barnet om noko som er trygt.

4.5.1 Drøfting av fyrste tida barnet er utan føresette

Den fyrste tida barnet er utan føresette i barnehagen, er det tilgjengelegheit for barnet informantane er opptekne av. Det å vere tett på, ha eit fang barnet kan kome til og at primærkontakta berre er der for barnet. Eg vil no drøfte funna frå den fyrste tida barnet er utan føresette.

Dei fyrste månadane er det særskild viktig å skape tryggleik for barnet. Når barnet får kjensla av å vere ivaretatt og at primærkontakta ser barnet og detts kjensle, vil barnet utvikla nærheit og tryggleik til primærkontakta. Barna er ulike og alle reagerer ulikt når dei vert åtskild frå føresette, så det er viktig at primærkontakta leggje til rette for alle typar reaksjonar (Drugli, 2017, s. 159). Hansen (2019, s. 98-99) trekkjer fram at vår evne til å dele tankar og forstå kvarandre er grunnleggjande for å kunne uttrykke oss og forstå meininga og intensjonen vår til kvarandre. Ein stor del av dette er korleis vi kommuniserer non-verbalt, vi ser dette spesielt godt når det gjeld å forstå følelsar. Dag Øystein Nome (2018, s. 528) viser til Stern og det han kallar affektiv avstemming når ein omsorgsperson inviterer eit barn til å ta del i det mentale rommet der ein delar merksemd, følelsar og intensjonar.

Under ei tilvenning kan ein støtte på utfordringar når ein skal etablere ein relasjon med barnet. Dette er noko informantane er bevisste på for barn er like forskjellige som personalet som tek i mot dei. Informant 1 fortel at hen brukar mykje til å rettleie personale og at dei må sjå ann kvart enkelt barn for alle barn er ulike og har forskjellige behov. Informant 2 og 3 er klare på at om barnet får ein betre relasjon til ein annan enn primærkontakt, er det viktig at ein bytter primærkontakt, for barnets tryggleik er det som er viktigast.

4.6 Foreldresamarbeidet si betydning for etablering av relasjonar gjennom dei ulike fasane

I samband med kva som er viktig i eit samarbeid med føresette for å fremje gode relasjonar, svarar informantane at ein må vise interesse og vise at man bryr seg. Informantane peikar på at føresette må tryggast på at ein vil barnets beste. Informant 1 fortel at dei tryggjar føresette med at barnet får ha smokken, kosekluten eller eit anna objekt så lenge det er behov for det. Informant 2 påpeikar at ein må ha noko å

seie om barnet kvar dag, og at det må vere positivt. Informant 3 fortel at hen brukar mykje tid på å tryggje føresette i at ein tek kontakt når det trengst. Hen meina det er like viktig å byggje ein relasjon til føresette som til barnet.

I samband med kva faktorar i eit foreldresamarbeid som kan hemme gode relasjonar mellom barn og personale, svarar informant 1 og 2 at språk kan vere med å hemme ein god relasjon. Informant 2 nemner og at ulike forventingar mellom personale og føresette kan føre til dårlege relasjonar mellom personale og barn. Informant 3 peikar på ueinigheiter mellom personale og føresette kan hemme gode relasjonar mellom personale og barn. Hen legg og til at når føresette har vanskar med å sleppe taket og dreg ut avskjeden, kan dette påverke relasjonen negativt.

4.6.1 Drøfting av foreldresamarbeidet si betydning for etablering av relasjonar gjennom dei ulike fasane

Det å samarbeide på ein god måte med føresette er viktig for å kunne ivareta barnets heilheit og overgangen til barnehagen. Eg vil no drøfte funna frå kva samarbeidet med føresette har å seie for etablering av relasjonar.

For eit lite barn utgjør heimen og barnehagen sjølve heilheita i livet deira (Glaser, 2023, s. 22). I eit samarbeid med føresette er det ulike faktorar som fremjar dette gjennom dei ulike fasane. Informantane er samstemte i at noko av det viktigaste er å vise føresette at ein er interessert og at ein bryr seg om barnet. Drugli (2017, s. 101) påpeikar at når personale har ein ope dialog med føresette angående kva behovet barnet har, er dette starten på eit godt samarbeid. Dette er noko informant 1 og trekkjer fram som svært viktig i eit samarbeid med føresette i overgangen til barnehagen. Når barnet skal byrje i barnehagen er det viktig å samtale om barnet og få informasjon om blant anna døgnrytme, rutinar ved legging og liknande. Informant 3 nemner og at det er like viktig å byggje ein relasjon til føresette som til barnet. Får ein føresette til å føle seg velkommen og til å forstå at dei er ein ressursperson for barnet er dette eit godt grunnlag for eit samarbeid med føresette (Glaser, 2023, s. 82). Dette samsvarar med Drugli (2017, s. 109) om at personalet har eit ansvar når det gjeld å invitere føresette til eit godt samarbeid.

Funn på kva faktorar som kan vere med på å hemme ein god relasjon, svarar to av informantane at språk kan verke hemmande. Sand (2020, s. 130) trekkjer fram at

føresette med minoritetsbakgrunn kan vere usikre på personale på grunn av at samtalar og informasjon vert gjeven på norsk. I tillegg kan ein møte føresette som ikkje viser interesse for å ha eit samarbeid med barnehagen (Sand, 2020, s. 123). Sjølv om det vert brukt tolk, kan informantane føle at dei ikkje alltid får til eit godt nok samarbeid, dei opplev og at føresette ikkje vise interesse for barnehagen. Det vert og nemnt av eine informanten at ueinigheit kan vere med å påverke relasjonen. Eine informanten nemner og at ulike forventingar og ueinigheit kan påverke relasjonen. Drugli et al. (2020, s. 58) trekkjer fram at nokre slike ueinigheita kan vere blant anna ulikt syn på barn mellom føresette og barnehage eller ein har ulike kulturelle verdiar. Dette betyr at ein som tilsett då må klare å sette ord på det ein er ueinige om og jobbe mot ei felles forståing sjølv om det kan vere krevjande.

Eine informanten synast og det var krevjande når føresette ikkje klarar å sleppe taket ved avskjed. Spesielt i situasjonar der barnet var klar for å verte levert mens føresette ikkje er klar for det og dreg ut avskjeden ved blant anna å banke på vindauge for å få eit siste vink. Då opplevde informanten at barn som hadde sagt farvel og var i leik vart lei seg og begynte å gråte. Under prosjektet «Barnet i sentrum» i Danmark utvikla blant andre Ole Henrik Hansen det han kallar for barnas «vinduer», dette kan og overførast til føresette. Hansen referer til føresette sine vindauge til dei augneblinka der dei er forberedt og akseptera at barnet vert levert til primærkontakta i barnehagen (Hansen, 2019, s. 100). Informanten kunne fortelje at i slike tilfelle jobbar dei mykje med å rettleie føresette i kva som fungera for deira barn under avskjed. Dette støttes opp av Drugli (2017, s. 116) som gjer merksam på at føresette treng rettleiing for kva som er til det beste for barnet og at gode rutinar for både barn og føresette gir ein betre avskjed.

4.7 Eventuelt

Heilt til slutt i intervjuet spurte eg om det var noko meir dei ynskte å tilføre.

Informant 1 kunne tenke seg at dei fekk til fleire besøksdagar, men dei har ei utfordring på grunn av hyppige inntak gjennom heile året. Hen ser at barna har nytte av besøka. Hen har og merka seg at nokre barnehagar har besøksdagar over fleire månadar i forkant ,og at nokre barnehagar dreg på heimebesøk og møter barnet i trygge omgjevnadar.

Informant 2 framhevar at den tredje uka under oppstarten er vanskeleg for barna. Ein må trygge føresette, og rettleie dei i at dei må markere for barnet at no går vi. Å anerkjenne kvarandre og kunne tryggje føresette at vi er ein trygg base, og at vi tek kontakt om det er noko med barnet.

Informant 3 meina det er viktig å få føresette på lag, og få dei til å forstå at det kan vere lurt å bruke siste del av permisjonen til tilvenning i barnehagen. På den måten vert det ein mjukare overgang for både barn og føresette.

4.7.1 Drøfting av eventuelt

For å avrunda intervjuet fekk informantane kome med innspel om det var noko dei ynskte å tilføre. Alle hadde kvar sine refleksjonar rundt temaet. Eg vil no drøfte funna frå det informantane ynskte å tilføre under eventuelt.

Eine informanten kunne tenke seg å tilby fleire besøksdagar. Ei utfordring dei hadde i barnehagen var at det var hyppige inntak etter hovudopptaket. Informanten hadde merka seg at nokre barnehagar tilbyr besøksdagar over fleire månadar og at nokre dreg på besøk heim til barnet for å møte det i tryggje omgjevnader. Dette er noko hen ser at barna har stor nytte av. Ein annan la vekt på at det er viktig at ein får føresette på lag og få dei til å forstå at det kan vere lurt å bruke siste del av permisjonen til tilvenning i barnehagen. På den måte får både barn og føresette ein mjukare overgang til barnehagen.

Ein informant drar og inn at barna har det tøffare enn ein trur den tredje veka under oppstart. Dette samsvarar med funn frå prosjektet «Liten og ny i barnehage». I dette prosjektet forska dei blant anna på stressnivået til barna. Der viste det seg at den tredje uka i barnehagen er meir krevjande for barna enn ein hadde trudd. Dette vart bekrefta av målingane av kortisol hos barna. Det som og var interessant var at personalet ikkje oppfatta dette stresset hos barna, men dei såg at trivselen til barnet auka og at relasjonen til barnet vart betre (Drugli et al., 2023). Utifrå denne forskinga er det viktig at vi som tek imot dei yngste i barnehagen er klar over dette og er ekstra merksam på barnet sine signal. Ein anna ting informanten var opptatt av var at ein måtte rettleie føresette i at dei må markere ovanfor barnet når dei forlèt barnehagen. Som Drugli (2017, s. 115) belyser at barn er sensitive ovanfor føresette sine emosjonelle signal, og vert påverka om føresette vise utryggleik eller er engsteleg i

bringesituasjonen. Når føresette skunda seg for å gå når barnet er i leik, kan dette medføre at barnet reagera negativt når det vert åtskilt frå føresette. Føresette treng då rettleiing på korleis dei på best mogleg vis kan lage gode rutinar for korleis avskjeden kan vere, og til det beste for barnet (Drugli, 2017, s. 116).

5.0 Avslutting

I denne oppgåva har eg undersøkt problemstillinga «Korleis arbeidar barnehagelæraren med å leggje til rette for å etablere relasjonar mellom barn og personale i overgangen mellom heim og barnehage. For å finne svar på problemstillinga valte eg å nytte meg av ein kvalitativ metode der eg gjennomførte semistrukturert intervju med tre barnehagelærarar som arbeida på småbarnsavdeling. Gjennom studien har eg tileigna meg kunnskap om korleis barnehagelæraren jobbar for å leggje til rette for ein god overgang og etablering av relasjon mellom personale og barn i fasane før barn tek til i barnehage, når barnet byrjar i barnehagen og fyrste tida utan føresette.

Temaet relasjon mellom personale-barn og overgangen mellom heim og barnehage, er eit tema som mine informantar har opparbeida seg mykje kunnskap, tankar og erfaringar rundt. Mitt hovudfunn i studien er at informantane vektlegg god kommunikasjon med føresette, barnets beste, tryggleik, små grupper og tid for å gje dei yngste barna ein god overgang mellom heim og barnehage samt bygging av gode relasjonar til personale. Informantane vektlegg at samarbeidet med føresette er avgjerande for at dei aller yngste skal få det godt i barnehagen og byggje gode relasjonar med personale.

I fasa før barnet tek til i barnehagen legg informantane vekt på god informasjonsflyt til føresette gjennom brev med informasjon om besøksdagar og primærkontakt for barnet.

I fasa når barnet tek til i barnehagen legg informantane vekt på små grupper, fast personale, ivareta barnas behov, tid og at føresette sett av nok til tilvenninga. For at barnet skal få byggje ein god relasjon med personalet, trekk informantane fram tryggleikssirkelen som ein viktig faktor. Føresette er barnas trygge hamn, og utforskar alt det nye i barnehagen i sitt eige tempo, før det vender tilbake til det trygge kjende. Det at barnet får utforske og begynne å byggje ein relasjon til personalet i sitt eige tempo medan føresette er til stades er avgjerande for tryggleiken og relasjonsbygginga til barnet meina informantane.

Den fyrste tida barnet er utan føresette legg informantane vekt på tett dialog med føresette og at ein er tilgjengeleg for barnet i alle situasjonar. Informantane er og tydlege på at alle barn er forskjellige, har ulike behov og om barnet knytt seg til ein

annan i personalgruppa bytter ein kontaktperson. Det er barnets beste som er det viktigaste.

Funna mine i denne studien er at barnets beste, små grupper med barn gir tryggleik og stabilitet, fast personale, primærkontakt og at ein god informasjonsflyt er med på å gi ein god kommunikasjon med føresette. Summen av dette er med på å gi dei aller yngste barna ein betre overgang mellom heim og barnehage samt å byggje ein god relasjon til personalet ved barnehagestart.

Referansar

- Abrahamsen, G. (2015). *Tilknytningsbaserte barnehager*. Univeritetsforlaget.
- Barnehagelova. (2005). *Lov om barnehager (LOV-2020-06-19-91)*. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64>
- Barnekonvensjonen. (1989). *Konvensjon om barns rettigheter (20-11-1989 nr 1 Multilateral)*. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/1989-11-20-1>
- Brandtzæg, I., Torsteinson, S., & Øiestad, G. (2013). *Se barnet innenfra. Hovrdan jobbe med tilknytning i barnehagen*. Kommuneforlaget.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6. utg.). Gyldendal Akademisk.
- Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7. utg.). Gyldendal Akademisk.
- Drugli, M. (2017). *Liten i barnehagen*. Cappelen Damm AS.
- Drugli, M. (2018). Emosjonell utvikling og tilknytning. I V. Glaser, I. Størksen, M. Drugli, V. Glaser, I. Størksen, & M. B. Drugli (Red.), *utvikling, lek og læring i barnehagen. Forskning i praksis* (2. utg., s. 49-77). Fagbokforlaget.
- Drugli, M. (2023, 07 03). *Overgang fra hjem til barnehage - en prosess i tre faser*. Henta frå barnehage.no: <https://www.barnehage.no/overgang-fra-hjem-til-barnehage-en-prosess-i-tre-faser/247238>
- Drugli, M., & Lekhal, R. (2018). *Livsmestring og psykisk helse*. Cappelen Damm Akademisk.
- Drugli, M., Lekhal, R., & Buøen, E. S. (2020). *Tilvenning og foreldresamarbeid*. Cappelen Damm Akademisk.
- Drugli, M., Nystad, K., Lydersen, S., & Brenne, A. (2023, 06 02). Do toddlers' levels of cortisol and the perceptions of parents and professional caregivers tell the same story about transition from home to childcare? A mixed method study. *Froniters, Volum 14-2023*. doi:10.3389/fpsyg.2023.1165788
- Falck-Pedersen, T., & Kongstein, C. (2018). *Rammeplan for barnehagen: Innhold og oppgaver* (3. utg.). Pedlex.
- Furnes, B. (2018). Barns skrifkunnskap og språkutvikling i barnehagen som grunnlag for tidlig lese- og skriveinnlæring i skolen. I V. Glaser, I. Størksen, & M. Drugli (Red.),

- Utvikling, lek og læring i barnehagen. Forskning og praksis* (s. 429-446).
Fagbokforlaget.
- Glaser, V. (2018). Ulike psykologiske retninger og perspektiver. I V. Glaser, I. Størksen, & M. Drugli (Red.), *Utvikling, lek og læring i barnehagen. Forskning og praksis* (2. utg., s. 25-48). Fagbokforlaget.
- Glaser, V. (2023). *Foreldresamarbeid: Barnehagen i et mangoldig samfunn* (3. utg.). Universitetsforlaget.
- Hansen, O. (2019). Emosjonell relatering og mottakelse. I S. Brostöm, O. Hansen, A. S. Jensen, & L. Svinth, *Barnet i sentrum. Pedagogikk og relasjoner for de minste i barnehagen* (s. 97-136). Pedagogisk forum.
- Haugen, R. (2015). Tilknytning og selvoppfatning. I R. Haugen, *Barns utvikling i barnehagealder. En utviklingspsykologisk innføring*. (1. utg., s. 125-141). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Helle, G., & Fløgstad, T. (2019). *Alt jeg kan! Hvordan kroppen lærer hjernen å tenke*. Cappelen Damm Akademisk.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>
- Meld. St. 6. (2019-2020). *Tett på - tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Henta frå Kunnskapdepartementet: <https://www.regjeringen.no/contentassets/3dacd48f7c94401ebefc91549a5d08cd/no/pdfs/stm201920200006000dddpdfs.pdf>
- Nome, D. (2018). De yngste barna - medvirkning og danning. I V. Glaser, I. Størksen, & M. Drugli (Red.), *Utvikling, lek og læring i barnehagen. forskning og praksis* (s. 523-534). Fagbokforlaget.
- Sand, S. (2020). Foreldresamarbeid. I S. Sand, *Ulikhet og Fellesskap* (4. utg., s. 119-168). Cappelen Damm akademisk.
- Statistisk sentralbyrå*. (2024). Henta frå Barnehager: <https://www.ssb.no/utdanning/barnehager/statistikk/barnehager>
- Vestvik, H. (2018). *Den lille tilknytningsboka*. Forlagshuset Publica.

Öhman, M. (2020). *Innenfor og utenfor - barns relasjonsarbeid, voksnes ansvar*. Pedagogisk Forum.

Öhman, M. (2021). *Vern om barns psykiske helse og velvære*. Pedagogisk Forum.

Vedlegg

Vedlegg 1



HØGSKULEN I VOLDA

Vil du delta i bachelorprosjektet mitt om overgang og relasjonar?

Dette er eit spørsmål til deg om du vil delta i **eit bachelorprosjekt** der formålet er å innhente meir kunnskap om overgangen mellom heim og barnehage og kva det har å seie for barns relasjonar. I dette skrivet gir eg deg informasjon om mål for prosjektet og kva deltakinga vil inneber for deg. Eg håper difor at dette intervjuet kan verte gjennomført ved fysisk oppmøte, telefon eller at du som informant svarar skriftleg på tilsendt intervjuguide. Eg er svært takksam for at du stiller opp, slik at eg kan gjennomføre utdanninga mi dette vårsemesteret som planlagd.

Formål

Prosjektet er ei bacheloroppgåve ved Høgskulen i Volda. Formålet mitt med prosjektet er å finne ut korleis pedagogisk leiar arbeider med overgangen mellom heim og barnehage, og korleis sikra at dei yngste barna får ein god barnehagestart.

Problemstillinga mi er:

«Korleis arbeider barnehagelæraren med å legge til rette for å etablere relasjonar mellom barn og personale i overgangen mellom heim og barnehage?»

Eg vil i denne bacheloroppgåva intervjuje fire pedagogisk leiarar frå fire ulike barnehagar.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Høgskulen i Volda ved høgskulelektor Kari Pauline Longva er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Fordi du er pedagogisk leiar er det interessant for meg å samle inn data frå deg. Dette er for at eg skal å få ein rikare kunnskap om dine erfaringar med tema overgang og relasjonar. Dette vil gjere at eg får ei større forståing for korleis dykk arbeidar med temaet overgang i dykkar barnehage. Eg vil sende intervjuguide til fire pedagogiske leiarar. Eg har valt å intervju deg på grunn av at dette er eit tema du har kunnskap om og som du arbeidar med.

Eg har fått kontaktopplysingane om deg av styrar i barnehagen.

Kva vil det ha å inneber for deg å delta?

Dersom du vel å ta del i prosjektet, inneber det at eg vil gjennomføre eit intervju gjennom Nettskjemadiktafon som vil ta ca. 30-40 minutt. Eg vil nytte ein intervjuguide og du kan få tilsendt intervjuguiden på førehand.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

Ditt personvernet – korleis oppbevarer og brukar opplysingane dine

Eg vil berre nytte opplysingane om deg til formåla eg har gjort greie for i dette skrivet. Eg behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Namnet og kontaktopplysingane dine vil eg erstatte med ei kode som vert lagra på eigen namneliste, skilt frå det andre datamaterialet. Data vert lagra på låst datamaskin.

I tillegg til meg sjølv er det berre ansvarleg for prosjektet ved Høgskulen i Volda, høgskulelektor Kari Pauline Longva, som vil ha tilgang til datamaterialet. I mitt prosjekt er du registrert berre ved stemme. Opptak vert sletta når data er transkribert, og det transkriberte datamaterialet vert sletta ved prosjektslutt 20. juni 2024.

Kva skjer med opplysingane dine når eg/vi avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet skal avsluttast innan 20. juni 2024. Alle personopplysingar og datamateriale vil bli sletta når prosjektet er avslutta.

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?

Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Høgskulen i Volda har Sikt – Kunnskapssektorens tjenesteleverandør vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Rettane dine

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du ønskjer å få innsyn, sletta eller retta personopplysninga i datamaterialet, kan du ta kontakt med emne- og prosjektansvarleg Kari Pauline Longva per e-post eller telefon.

Kvar kan eg finne ut meir?

Om du har spørsmål til bachelorprosjektet, eller ønskjer å nytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- (rettleiar)
- Kari Pauline Longva (emneansvarleg og prosjektansvarleg) 70075433
longvaka@hivolda.no
- Høgskulen i Volda ved personvernombod: Cecilie Røeggen, 70075073
personvernombod@hivolda.no

Dersom du har spørsmål knytt til vurderinga av prosjektet frå Sikts personverntenester kan du ta kontakt via:

- e-post (personverntjenester@sikt.no) eller telefon: 73 98 40 40.

Med vennleg helsing

Student

Prosjektansvarleg

Høgskulelektor Kari Pauline Longva

Samtykkeerklæring

Samtykket skal gjerast skriftleg.

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet [*set inn tittel*] og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i [*sett inn aktuell metode, f.eks. intervju*]

Eg gir samtykke til at mine opplysingar vert behandla fram til prosjektet er avslutta, 20. juni 2024.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Intervjuguide

Tema: overgang og relasjonar

«Korleis arbeider barnehagelæraren med å legge til rette for å etablere relasjonar mellom barn og personale i overgangen mellom heim og barnehage?»

Takk for at du stiller til intervju og gjer det mogleg for meg gjennomføre utdanninga mi. I mi bacheloroppgåve vil eg intervjuje fire pedagogiske leiarar om deira erfaringar, kunnskap og tankar rundt det å etablere relasjonar i overgangen mellom heim og barnehage. Fokuset mitt er dei yngste barna, 1-2 åringane og deira fyrste møte med barnehagen.

Generell informasjon

1. Kva utdanning har du?
2. Kor lang yrkeserfaring har du?
3. Kor mange år har du jobba på småbarnsavdeling?

Overgangen mellom heim og barnehage

1. Kan du seie noko om planane de har for overgangsprosessen får heim til barnehage når barnet skal byrje i barnehagen?
2. Kva erfaringar har du med overgangen mellom heim og barnehage?
- Korleis tenkjar du at du at de på best mogleg måte sikrar ein god overgang for barnet?

Fasen før barnet byrjar i barnehagen

1. Kva informasjonsutveksling har de mellom heim og barnehage før barna byrjar i barnehagen?

- Kan du seie noko om kva informasjon som er sentral i arbeidet med å kunne etablere gode relasjonar mellom barn og personale?
- 2. Kan du seie noko om eventuelle møtepunkt mellom barn, føresette og personale før barnet skal byrje i barnehagen. Samt kva betydning desse møtepunktta har for arbeidet med å etablere relasjonar mellom barn og personale?

Fasen når barnet byrjar i barnehagen

1. Kan du seie noko om korleis de organisera dei fyrste dagane i barnehagen for nye barn?
2. Korleis arbeidar de for å etablere og byggje gode relasjonar mellom barn og personale den fyrste tida medan føresette framleis er saman med barnet i barnehagen?
 - Kva rolle tek personalet i denne tida og kva rolle har føresette i for eksempel rutinesituasjonar?
3. Kan du seie noko om kva aktivitetar de legg vekt på i arbeidet med å etablere og bygge gode relasjonar mellom barn og personale?

Første tida barnet er utan føresette

1. Korleis arbeidar dykk for å fremje gode relasjonar mellom personale og barn i denne fasen?
2. Kan du seie noko om korleis de arbeidar om de møter utfordringar i å etablere gode relasjonar mellom personalet og barnet?

Foreldresamarbeid gjennom dei ulike fasane

1. Kva faktorar er viktige i eit foreldresamarbeid for å fremje gode relasjonar generelt og i dei ulike fasane?
2. Kva faktorar i eit foreldresamarbeid kan vere med på å hemme gode relasjonar mellom barn og personale?

Eventuelt

1. Eventuelt noko du ynskjer å tilføre?

Svar frå intervjuguide

Spørsmål	Informant 1	Informant 2	Informant 3
Generell informasjon	Utdanna førskulelærer jobba i 14 år i barnehage, alle på småbarn	Utdanna førskulelærer. Jobba i barnehage i 20, jobba 4 år på småbarn.	Utdanna førskulelærer jobba i 23, 10-12 år på småbarn
Overgang mellom heim og barnehage	<ol style="list-style-type: none"> 1. ringe føresette informere om avdeling, invitere til besøk, tilvenningsbrev med informasjon om korleis dagane er lagt opp fyrste tida, gode tilbakemeldingar på dette. 2. satt av tid til besøksdagar og fleire dagar under sjølve tilvenninga, rolege dagar, små grupper, god dialog med føresette. Anbefaler å sette av nokre veker til tilvenning og korte dagar i starten. Legger opp tilvenning etter barnas behov, tar det i barnets tempo 	<ol style="list-style-type: none"> 1. har besøksdagar, der nye barn og føresette kan komme og leike/sjå/bli kjent med barnehagen. Brev. Det har vore tilbod om fleire datoar, slik man kan velje kva som passar best. Dei som ynskjer kan og kome og besøke oss før barnehageopptaket. 2. Eg ser at til fleire gangar barnet har vært innoom til lettare vert det for barnet. Eg ser at søsken tar overgangen mellom heim barnehage lettare for vi har møtt barnet ofte i hente/bringe situasjonar. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Har hatt barseltreff før opptaket. Etter opptaket vert de invitere til besøksdag på våren. Informasjon om primærkontakt. Barseltreff første gang i år, positive tilbakemeldingar frå foreldre. 2. Gode erfaringar, så lenge alle tenker på barnets beste og tar det i barnets tempo. Hjelp føresette til å forstå at vi må bruke god tid. Barnet må få så langt det går styre tempoet. Korte dagar i en periode. Individuelt for kvart barn.
Fasen før barnet byrjar i barnehage	<ol style="list-style-type: none"> 1. telefonsamtalar, besøksdagar, informasjon gjennom tilvenningsbrev. Besøksdagen i forkant viktig, da får barnet møte primærkontakta som skal vere under tilvenninga ved oppstart. Bilete av personalet i tilvenningsbrevet. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vi har ei nettside som føresette kan finne informasjon på. Denne ligg på nettsida til kommunen. Vi har ei lukka Facebook side, men der må du vere medlem for å sjå. Elles får dei informasjonsskriv etter opptak. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Brev med info om avdelinga, besøksdag elles komme å leike med oss når vi er ute. Informasjon om Cos, at foreldre må gi plass til personale etter kvart. Trygghet. 2. vi har besøksdagane vår, eller tar vi imot besøk når føresette har behov for det.

	<ol style="list-style-type: none"> 2. Besøksdagen, eit uformelt besøk der føresette får vite litt om klede, utstyr, mat og søvn. Foreldre blir meir avslappa og vi ser at dei er mindre stressa ved oppstart 	<p>Snakke med føresette om informasjonen i brevet og tilpasse behov for kvart enkelt barn. Vi er privat, så føresette skriv kontrakt og har vel mest dialog med styrer før barnehagestart.</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Besøksdagar, oppfordre til bruk av uteområde på fritid 	
Fasen når barnet byrjar i barnehagen	<ol style="list-style-type: none"> 1. små grupper med barn i same alder, føresette til stades første dagane, hovudprimærkonakt og ein til som vert kjend med barnet. Viktig med voksenbarn relasjon på grunn av tryggleik. 2. Føresette på golvet i lag med oss, finne spanande leiker, dialog med føresette langs med. Føresette er tryggheta til barnet fyrste dagane, tar ting i barnets tempo pusher ingen grenser. 3. balleik, mat, kjøkkenleik, dyr, småbarnsleiker med lyd. Leiker med lyd kan ta vekk fokuset på mor og far, liten tur ut og sjekke uteområdet, sandkassa, disse 	<ol style="list-style-type: none"> 1. små grupper, slik barna får det litt rolegare den første tida. Fast personale på avdelinga, barnehagen året startar 1 august, utfordring med ferie for tilsette, faste vikarar som er på avdelinga utover hausten. Tilpasse oppstart etter rytme til barnet. 2. sitte på golvet ilag barn og føresette. Tenke tryggleikssirkelen. Barnet får komme når det er trygt, vi er tilgjengeleg for barnet. 3. musikk og song, humor, tull og tøys og leker 	<ol style="list-style-type: none"> 1. God dialog med føresette, barn og føresette saman, vi ønsker å bruke tid der det er mogleg. Ivareta barnas behov. Dele i grupper, bruke lokala, rolege dagar. 2. Leik, være saman i rutinar. Primærkontakt nok med en for barnet å bli kjent med i starten. Føresette først så personale når barnet er klar for det. Finns ingen fasit, barnets beste. 3. Prøve å finne aktivitetar som barnet viser interesse for, leiker som er spanande og inkludera omsorgspersonen. Samarbeide saman.
Fyrste tida barnet er utan føresette	<ol style="list-style-type: none"> 1. personalet har berre fokus på tilvenninga, ikkje ansvar for mange andre barn, er tett på barnet og gir trygghet. Tett dialog med føresette. 2. rettleiar personalet om korleis tilvenning bør gå føre seg, sjå ann 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Være på golvet i lag med barnet, være nedpå. Ha tid til barnet. Ha et stort fang og berre være vere der. 2. barn er like forskjellige som oss, godta at barnet føretrekker andre 	<ol style="list-style-type: none"> 1. primærkontakten alltid tilgjengeleg for barnet 2. om barnet får en betre relasjon med en annen ansatt, så bytter vi. Barnet skal føle seg trygg. Bruke tid på barnet.

	kvart enkelt barn, ulike barn – ulike behov.	og la de være med den som er tryggast for dei. Kanskje den andre vaksen har nokre eigenskapar som minner barnet om noko som er trygt, det må man akseptere.	
Samarbeid med føresette gjennom dei ulike fasane	<ol style="list-style-type: none"> 1. vise interesse, bli kjent med døgnrytme til barnet, føresette kjenner barnet best, rutinar ved legging - gjere slik som føresette, får ha trygghet i smukk, koseklut eller eit anna objekt fyrste tida. Trygge føresette og vise stoltheit for barnehagen vår, snakke om kva vi jobbar med – årsprosjekt, satsingsområde osv. 2. språk – kommunikasjon (bruke tolk) 	<ol style="list-style-type: none"> 1. vise at du bryr deg, du har noko å fortelje og sei positive ting om barnet. 2. en ting som kan hemme er språk. Ulike forventingar, dårleg relasjon til føresette. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. at alle forstår at vi vil det beste for barnet, føresette må tryggast på at vi ringer/tar kontakt når det trengs. Føresette må føle seg trygge. Like viktig å bygge relasjon til føresette som barnet. 2. om det oppstår ueinigheiter kan det hemme en god relasjon med barnet. Føresette som ikkje klarer å sleppe taket og dreg ut avskjed
Eventuelt	Jobbe med å få til fleire besøksdagar, utfordringar pga. hyppige inntak gjennom heile året, ser nytten av besøka, har lagt merke til at nokre barnehagar har besøk over fleire månadar i forkant og at nokre barnehagar drar på heimebesøk og møter barnet i trygge omgjevnader.	<p>Forskning viser at den 3 uka i oppstarten er vanskeleg for barn. Trygge føresette, rettleie dei i at dei må markere for barnet at no går vi, anerkjenne kvarandre og trygge foreldre i at vi er ein trygg base og vi tek kontakt om det er noko med barnet.</p> <p>Innhaldet i barnehagen – kva treng ein eittåring og kva tren ein to åring?</p>	Viktig å få foreldre på lag og forstå at siste del av permisjonen er viktig å bruke på tilvenning i barnehagen. Da blir det en mjukare og betre overgang for både barn og føresette.-3